



**Vågsøy kommune** – Vedteken av Vågsøy kommunestyre 13.12.2018, K-sak 111/18.

## **EIGEDOMSSKATTEVEDTEKTER - SAKKYNDIG NEMND**

### **KAP. I – SAKKYNDIG NEMND**

§ 1-1 I medhold eigedomsskattelova § 8 A-3 (4) vel kommunestyret ei sakkyndig nemnd til å verdsette eigedommer i Vågsøy kommune på bakgrunn av forslag frå tilsette befaringsmenn.

Til å behandle klager over utskrivninga av eigedomsskatt vel kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 20 enten

- a) ei eiga klagenemnd, eller
- b) legg klagebehandlingen til ei allereie eksisterande nemnd.

Den sakkyndige nemnd skal bestå av tre medlemmer (leder, nestleder og ett medlem). I tillegg vel kommunestyret tre varamedlemmar.

Klagenemnda skal bestå av minst tre medlemmar (leder, nestleder og eit medlem). I tillegg vel ein same tal varamedlemmar.

Kommunestyret vel leder og nestleder for kvar nemnd.

Valperioden følger kommunevalperioden.

§ 1-2 Valbar, inhabilitet og møteplikt

Valbare og pliktige til å motta val som medlem og varamedlem av sakkyndig nemnd og klagenemnda, er dei som er pliktige til å motta val til kommunestyret.

Medlem av formannskapet skal ikkje være med i den sakkyndige nemnda eller klagenemnda, jf. eigedomsskattelova § 21.

Eit medlem er inhabilt til å delta i behandlinga av saka når medlemmet

- a) sjølv er eigar, panthaver eller leigebuer til eigdommen,
- b) er i slekt eller i svogerskap med ein som nemnd under a) i opp- eller nedstigande line eller sideline så nær som søsken,
- c) er eller har vore gift, partner eller forlova med, eller er fosterfar eller fostermor eller er fosterborn til eigar,

- d) er verge for ein person som nemnd under a),
- e) er styrrar eller medlem av styret for eit selskap, ei foreining, Sparebank, stifting eller offentlig innretning som er eigar, panthavar eller leiebuar til eigedommen,
- f) er medlem av formannskapet

Likedan er eit medlem inhabilt når andre særeigne omstende føreligg som er eigna til å svekke tilliten til vedkomande medlem si upartiskheit.

Nemnda treff sjølv avgjerelse om korvidt eit medlem er inhabilt.

§ 1-3 Medlemmer av den sakkyndige nemnda og klagenemnda plikter å stille til alle møter i de respektive nemnder, med mindre det foreligger lovlig forfall.

§ 1-4 Befaringsmenn/sakkyndige.  
Eigedomsskattekontoret engasjerer befaringsmenn i samråd med den sakkyndige nemnd.

Nemndene kan be eigedomsskattekontoret engasjere sakkyndig hjelp til å avgi veileiande uttalele på det bygningstekniske, juridiske eller andre område, når dette vert sett på som nødvendig.

Befaringsmenn inngir kun forslag til takstar og har ikkje stemmerett.

## **KAP. II – FØREBUING AV TAKSERINGA**

§ 2-1 Økonomiavdelinga fungerer som eigedomsskattekontor. Det pålegg eigedomsskattekontoret å sørge for alt administrativt og kontormessig arbeid for den sakkyndige nemnda og klagenemnda.

§ 2-2 Eigedomsskattekontoret utarbeider ei liste over antatt skattepliktige eigedomar som den sakkyndige nemnda vert inviterte til å vurdere.

Det vert utarbeidd ei eiga liste over eigedomar som er fritekne etter eigedomsskatte-lova §§ 5 og 7. Eigedommar som er fritekne etter § 5 skal ikkje takserast. Rådmannen avgjer om eigedommer som er fritatt etter § 7 skal takserast.

§ 2-3 Eigedomsskattekontoret førebur takseringa ved å innhente tilgjengelig informasjon om den enkelte eigedom.

Eigedomsskattekontoret kan pålegge eigaren å utlevere opplysningar av betydning for taksten (jf. eigedomsskatte-lova § 31).

## **KAP. III - GJENNOMFØRING AV TAKSERINGA**

§ 3-1 Det pålegg lederen av den sakkyndige nemnda, i samarbeid med eigedomsskattekontoret, å planlegge og lede arbeidet med takseringa.

Eigedomsskattekontoret berammer takstmøta i samråd med den sakkyndige nemnda og befaring i samråd med befaringsmennene.

- § 3-2 Før den alminnelige taksering vert starta opp, drøfter den sakkyndige nemnd kva alminnelige retningsliner som skal leggest til grunn ved takseringa for å sikre størst mulig likskap i vurderinga.

Den sakkyndige nemnda kan vedta sjabloner til bruk i takseringa. Sjablonene skal være et hjelpemiddel for å komme fram til eigedommene sin omsetningsverdi, og skal ta høgde for at eigdommen si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan virke inn på verdien.

Den sakkyndige nemnda skal foreta prøvetaksering for å fastsette prisnivået for takseringa.

Det skal førast protokoll over forhandlingane i den sakkyndige nemnda.

- § 3-3 Den sakkyndige nemnda er i samarbeid med eigedomsskattekontoret ansvarleg for å gi befaringsmennene informasjon og veiledning om praktiseringa av nemnda sine retningsliner for takseringa. Prøvetaksering bør finne stad med så vel nemnda som befaringsmennene til stades for å sikre likearta praksis.

- § 3-4 Eigdommen sin eigar vert varsla om at eigdommen skal takserast. Varsel kan gis ved å be skattyter gi eller stadfeste opplysningar om eigdommen innan 4 veker, sjå vedtektene § 2-3.

Eigedomsskattekontoret fastset normalfrist for varsel om taksering.

- § 3-5 Eigedommane skal i alle tilfelle befarast av en befaringsmann.

Sakkyndig nemnd tek stilling til om eigedommane også skal fotograferast (jf. eigedomsskattelova § 31 (5)).

I samband med befaringa utarbeider befaringsmennene forslag til takst. Forslag til takst bør innehalde grunnlagsdata og prinsippa for verdsetting. Forslaget bør også nemne særlege forhold som har vesentlig betydning for taksten.

- § 3-6 Den sakkyndige nemnda fastset i møte takstane på bakgrunn av dei forslag som er utarbeidd av befaringsmennene.

Den sakkyndige nemnda tek i forbindelse med fastsettinga av taksten stilling til om den enkelte eigedom inngår i eigedomsskatteområdet (hvis dette er avgrensa til område heilt eller delvis utbygd på byvis), samt kva tilbehør og ting som skal inngå i taksten, jf. eigedomsskattelova § 4 tredje og fjerde punkt, og kva eigedommar som skal unntakast fra eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 5 (obligatoriske fritak).

Det bør utarbeidast særskilt forslag for grunn og bygning om dei er eigd av ulike skattytarar.

Befaringsmennene deltek ikkje i den sakkyndige nemnd si fastsetting av takstane, men kan møte i nemnda for å presentere sine takstforslag.

§ 3-7 Det skal gis ein kort begrunning for taksten som ikkje kan være kortere enn at det blir mulig for skattyter å forstå korleis taksten er fastsett. Begrunninga skal innehalde prinsippa for verdsettinga, samt kva kriterie og grunnlag som er lagt til grunn for den enkelte eigedom. Begrunninga kan gis på eit skjema som viser kva faktiske opplysningar om eigdommen og kva sjablonverdier som er brukt.

## **KAP. IV - OMTAKSERING OG SÆRSKILT TAKSERING**

§ 4-1 I perioden mellom dei alminnelige takseringane kan omtaksering/særskilt taksering av enkelteigedommar skje etter dei retningsliner og vilkår som fremgår av eigedomsskattelova § 8 A-3, femte og sjetten ledd.

Frist for å begjære omtaksering etter sjetten ledd er 1. november i året forut for skatteåret.

Den sakkyndige nemnda tek stilling til om vilkåra for omtaksering/særskilt taksering er oppfylt.

Verdsettinga bør skje etter same prinsipp og same prisnivå som ved forrige alminnelige taksering.

Skattyter vert orientert om taksten ved melding om vedtak.

For klage gjelder kapittel V.

## **KAP. V - KLAGE**

§ 5-1 Skattytar kan klage på taksten og/eller utskrivinga innan seks veker fra det seinaste tidspunktet av utsendelse av skattesetel og kunngjøringa av at eigedomsskattelisten er lagt ut.

Klage over takster kan fremmast kvart år i forbindelse med den årlige utskrivinga av eigedomsskatt, dersom det ikkje er klaga på same grunnlag tidligere.

§ 5-2 Sjølv om klagaren har oversite klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt

a) parten eller hans fullmektig ikkje kan lastast for å ha oversite fristen eller for å ha drøyd med å klage etterpå, eller

b) det av særlige grunnar er rimeleg at klagen blir prøvd.

§ 5-3 Klage over vedtak fatta av eigedomsskattekontoret

Om klagen gjeld eit vedtak (utskrivningsvedtak) som er fatta av eigedomsskattekontoret i første instans (for eksempel berekning av skatten, tildeling av bunnfrådrag) kan eigedomsskattekontoret behandle saka og oppheve eller endre vedtaket dersom det finn klagen begrunna.

Om eigedomsskattekontoret ikkje finn grunn til å gje klagar medhald, oversendes saka sine dokument utan opphald til klagenemnda.

§ 5-4 Klage over vedtak fattet av den sakkyndige nemnd.

Ved klage over vedtak (takstvedtak) fatta av den sakkyndige nemnda, oversender eigedomsskattekontoret saken sine dokument til sakkyndig nemnd (underinstansen).

Den sakkyndige nemnda kan endre taksten i skattytar sin favør dersom den finn klaga begrunna. I motsett fall vert klagen oversendt til klagenemnda.

§ 5-5 Klagenemnda si behandling

Ved klage over taksten skal klagenemnda dra på befarung av eigdommen.

§ 5-6 Klagenemnda utarbeider ein protokoll med ein kort begrunnelse for klagevedtaket. Protokollen skal angi kva faktum og rettsanvendelse vedtaket bygg på og kva verdsettingsprinsipp som er anvendt ved klage på taksten. Vedtaket må ta stilling til klageren sine anførslar.

§ 5-7 **Omgjering til gunst for skattytar**

Når klagen tas til følge, skal utskrivninga rettast til skattytars gunst innan 3 år frå utgangen av skatteåret.

**Omgjering til ugunst for skattyter**

Klagenemnda kan prøve alle sider av saka, og kan omgjere vedtaket til ugunst for skattyter, jf. eigedomsskattelova § 17.

Retten til å rette utskrivninga til ugunst for skattyter går tapt om retten ikkje er nytta innan 1. mars året etter utskrivninga. Har feilen samanheng med at eigaren har brote opplysningsplikta eller plikta til å medverke til befarung, kan utskrivninga rettaets innan tre år frå utgangen av skatteåret.

Taksten kan likevel rettast til ugunst for skattytar med virkning framover i tid.

§ 5-8 Klage har ikkje oppsettande virkning.

## KAP. VI - FORSKJELLIGE BESTEMMELSER

§ 6-1 Kommunestyret/formannskapet fastset godtgjeringa til nemndsmedlemmer og befaringsmenn. Eigedomsskattekontoret fastset godtgjeringa til sakkyndige som nevnt i vedtektenes § 1-4.

Eigedomsskattekontoret sørger for utbetaling av godtgjeringa.

§ 6-2 Ved første gongs utskrivning av eigedomsskatt må alminnelig taksering og utskrivning av skatten være avslutta innen utgangen av juni i skatteåret. Påfølgande år skal eigedomsskatten være utskrevet og skattelista offentliggjort innen 1. mars i skatteåret. Første året bunnfradrag innføres er fristen innen 1. april.

§ 6-3 Eigedomsskattekontoret fører eigedomsskatteliste med slik innhold som nevnt i eigedomsskattelova § 15. Lista skal ligge ute til offentlig gjennomsyn i minst tre veker etter at det er kunngjort at lista er lagt ut. Det kunngjøres i lokalpressen når og hvor utleggelse finner sted. Kunngjøringen skal inneholde opplysninger om fristen for å klage (6 veker) og hvem klagen skal sandes til.

Kvart år, samtidig med at eigedomsskattelista legges ut, sandes skatteseddel til skattyter.

§ 6-4 Eigedomsskatten forfell til betaling etter dei terminer (minimum 2) som kommunestyret fastset.

§ 6-5 Vedtektene trer i kraft frå 1. januar 2019. Vedtektene erstatter alle tidlegare vedtekter, regler og instruksjer som kommunestyret eller anna politisk organ har vedtatt for områder regulert i vedtektene.